

ÅRSRAPPORT FOR
Interkommunalt arkiv i
Hordaland IKS 2020



IKA
HORDALAND

Innleiing

IKA-Hordaland IKS skal arbeide for at for at verdfullt arkivmateriale i deltakarkommunane vert teke vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, samt gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle føremål.

Det har i 2020 vore arbeida med å legge til rette for eigarane sine behov for arkivfaglege tenester i samband med pålegg etter tilsyn frå Arkivverket. Det har og vore arbeida for å ta att etterslepet etter arkiv i kommunesamanslåing. Selskapet vedtok ny selskapsavtale samt ny finansieringsmodell og nye tenesteavtalar.

Selskapet sine roller vert og utfordra i og med at eigarane ynskjer fleire og andre tenester enn før. Etablering av kommunekontaktordninga har difor vore eit viktig grep for å tette dialogen og syte for at eigarane får den hjelpa dei treng for å gjennomføre krava i lova og forskrifta.

Dagleg leiar Rune Lothe

18.05.2021.

Representantskapet

Representantskapet er selskapet sitt øvste organ. Representantskapsmøte vart helde tysdag den 16.06.2020 på teams. I tråd med føresegnene i selskapsavtalen konstituerte då representantskapet seg sjølve og valde leiar, nestleiar og valnemnd.

Leiar og nestleiar i representantskapet

Leiar, Svein Helge Hoflundsengen, Masfjorden kommune.

Nestleiar, Anne June Iversen, Askøy kommune.

Valnemnd

Leiar: Bjarte Stølås, Sveio kommune

Medlem: Trude Buene Birknes, Kvam herad

Medlem: Alis Lund Johansen, Ulvik herad

Styret

Styret si oppgåve til er å realisere føretaksfilosofien, forventingane og hovudmåla som eigarane vedtek på representantskapsmøte. Styret har fem representanter, fire valt av eigarane på representantskapsmøtet, og ein frå dei tilsette. Dagleg leiar fungerer som styret sin sekretær og sakshandsamar.

Styret bestod fram til 16. juni 2020 av:

Leiar:	Birte Young	1.Vara: Jakob Enerhaug
Nestleiar:	Rune Heradstveit	2.Vara: Kristin Jordal
Styremedlem:	Jarle Nakken	3.Vara: Jenny Aanderaa
Styremedlem:	Sigrid Laupsa	
Styremedlem:	Bente Skjerping	
Tilsettrepresentant:	Anita Haugen Lie,	
Arkivverket observatør	Terje Nomeland	

Etter rep.møte 16. juni 2020

Leiar:	Birte Young	1.Vara: Jenny Aanderaa
Nestleiar:	Rune Heradstveit	2.Vara: Sigrid Laupsa
Styremedlem:	Bente Skjerping	3.Vara: Terje Geithus
Styremedlem:	Jarle Nakken	
Tilsettrepresentant:	Inge Vikane	

I 2020 har styret helde fem styremøte og handsama 42 saker. Alle møta har vore arrangert via teams. I tillegg til å handtere selskapet si forvaltning økonomi og drift, har styret arbeid med, handtering av Covid19 situasjonen, verksemda sin strategi frå 2020-2023, organisering av verksemda, tenesteskildringar og tenesteavtalar.


Organisasjon og administrasjon

Verksemda har 10 faste årsverk i 2020. Desse er dagleg leiar, fagleiar, fire rådgjevarar, to IT-ingeniørar/ arkivar, ein spesialkonsulent og ein konsulent. Den eine av IT-ingeniør/ arkivar stillingane, står vakant grunna manglande finansiering.

I tillegg til har verksemda i samband med vakansar, vikariat, permisjonar og prosjektarbeid til saman leigd inn 16 personar eller 8,9 årsverk.

Verksemda har i løpet av året sysselsett 26 personar fordelt på 10 tilsette og 16 innleigde, kor 15 er menn 11 er kvinner. Vi har og hatt to personar knytt til prosjekt der ein kommune er arbeidsgjevar og der vi har styringsrett.

Samla sett er det produsert 16,5 årsverk i meldingsåret mot 15,5 årsverk i 2019




Tabell 1. utvikling i produserte årsverk 2015-2020

Organisasjon

Gjeldande frå 1. oktober 2020, vart verksemda si organisering endra. Vi oppretta ei rolle som vi kalla kommunekontakt og i juli vart det oppretta ei stilling som fagleiar. Føremålet med endringa var å tette kommunikasjonen mellom den enkelte kommune og selskapet, samt skilje mellom fag og administrasjon av verksemda.

Samstundes fekk selskapet ny grafisk profil og nye nettsider.



Organisasjonskart pr. okt. 2020

Administrasjon

I frå mars 2020, vart det arbeida med å flytte IT løysingane våre og tilretteleggje for heimekontor. I oktober 2020 var sak arkivløysinga vår oppgradert og vi gjekk over til Microsoft 365 og fekk tilgang til teams. Drift av IT- systema våre var då sett ut til IKT-Nordhordland som er eit IT-selskap eigd av 9 av våre eigarkommunar.

I tillegg til dette kjøper vi tenester frå: Hardanger økonomiservice, (rekneskap og lønstenester), Mobile Worker, (timeregisteringsystem) Workplace frå (Facebook), Deloitte, (revisjonstenester), Bergen Byarkiv og Industriarkivet i Odda, (kontor og magasinlokale) og Volvat, (bedriftshelseteneste).

Tilsette og innleigde i verksemda

IKA-Hordaland sitt personale har i 2020 bestått av fyljande.

Fast tilsette, engasjement og vikariat

Rune Lothe, dagleg leiar
Knut Kjosås, fagleiar frå 01.07
Knut Kjosås, rådgjevar 01.01.-31.06.
Øyvind Olsen, IT-Ingeniør
Eirik Netteland, rådgjevar
Anita Haugen Lie, rådgjevar slutta 01.06.
Helene Reksten, rådgjevar slutta 01.04.
Inge Vikane, konsulent
Lill Tåve Jørgensen, konsulent, slutta 29.02.
Thea Skjåk Nielsen, rådgjevar frå 01.10.
Janny Sjøholm, rådgjevar frå 01.10.
Jørn Harald Grov,
spesialkonsulent frå 01.10.20
Hans Sindre Rein, rådgjevar frå 01.10.20

Innleigde

Thea Skjåk Nielsen, konsulent 01.01-31.09.
Linn Nodland, konsulent 01.01 -31.12.
Lars Fivelstad Smaaberg 01.01-31.09.
Einar Skogseth Eide 01.01-31.10.
Elisabeth Rydland Eide 01.01-31.12.
Janny Sjøholm 01.01-31.09.
Theresa Rosell Helland 01.01-31.09.
Bengt Eliassen 01.01- 25.05.
Sverre Fekjan 01.01-31.11.
Erika Eidslott 01.01- 30.09
Hans Sindre Rein 01.01-31.09
Erik Patric Joten 28.06-28.08 og 25.11.-23.11.
Daniel Gonzalez 08.06-28.08 og 25.11.-23.11.
Maria Hasvik 08.06-28.08.

Engasjement

Terje Hevrøy, konsulent 01.01.-31.07. Hermann Kron Birkeland 01.05.-31.12.
Jørn Harald Grov, konsulent frå 01.01.- Eirin Rinke 22.06 -28.08.
31.09.

Vikariat

Lars Fivelstad, rådgjevar frå 01.10.2020

Styringsrett

Anne Grethe Lien Eikeland

Monica Eidsvik

Utvikling og kompetanseheving

Vi har i løpet av året delteke på webinar og kurs innan offentleglova, forvaltningslova, personvern, arkivlova, digitalisering samt bruk av AI og maskinlæring. I 2020 vart 3,6 % av arbeidstida nytta til kompetansehevande tiltak.

Vi har hatt 2 personar på praksis frå UIB, Herman Kron Birkeland og Erik Patrick Joten.

HMT- og sjukefråvær

Arbeidet med arbeidsmiljø er ein kontinuerleg prosess. Vi har gjennomført ergonomi og arbeidsmiljøundersøking. I tillegg har vi hatt bistand frå Volvat Bedriftshelseteneste i samband med arbeidsmiljø og Covid 19.

Det har arbeidsulykker med personskade i løpet av 2020. Sjukefråværet er på 5,8 % av arbeidstida, der 3,66% er eigenmeldt og 2,14% er med sjukemelding. Dette er ein auke på 1,42 % frå året før.

Selskapet er saman med Bergen Byarkiv, miljøfyrtårnsertifisert og verksemda forureinar ikkje det ytre miljø.

Verksemda sitt verneombod er Inge Vikane.

Personvernombod

Vi kjøper personvernombodstenester frå IKT Nordhordland (IKTNH)


Økonomi

Inntektene til verksemda kjem i hovudsak frå tre område, eigartilskotet, depotavgiftene i depotavtalen(e) og oppdrag. I frå 2020 vart det innført ein ny økonomimodell. Det årlege eigartilskotet vart redusert med 20 % frå 2019 og forbruksdrivne tenester, som t.d. ordning av arkiv fortut for deponering, vart no tilbode etter oppdragsavtale.

Inntektsida:

Driftsinntektene for 2020 var på kr 18 978 033. Dette er 2,6% lågare enn budsjettert. Hovudårsaka til dette kan tilskrivast Covid19, som gav utfordringar i å nå budsjettmåla.

Verksemda har ein eigenkapital på kr 6 649 027, inkludert årets resultat.



Tabell 2. inntekt fordelt etter inntektskjelde 2016-2020


Løn og sosiale kostnader:

Grunnbemanninga vart auka frå 8 til 10 faste årsverk i 2020. Covid19 og utfordringar i forhold til driftsforstyringar og lokale, førte til at enkelte stillingar stod vakant deler av året. Vi fekk tilbakeført midlar frå KLP og ei lågare arbeidsgjevaravgift p.g.a. Covid 19. Dette gav ein vesentleg lågare kostand for lønn og sosiale utgifter enn budsjettert.

Samstundes leigde selskapet arbeidskraft tilknytt oppdrag og prosjekt, og talet på årsverk som vart produsert auka frå 15,5 årsverk i 2019 til 16,5 årsverk for 2020.

Driftskostnader:

Husleige og innleige av prosjektmedarbeidarar til oppdragsverksemda, utgjorde dei største enkeltpostane på driftsbudsjettet for 2020. Covid 19 og smittevernsituasjonen, medførte og ekstra kostandar og bidrog til at driftskostnadane vart 2,5 millionar høgare en budsjettet.



Tabell 3. Driftskostnader siste 5 år.

Årsregnskapet for 2020 gav eit resultat på 948 373,- kr før skatt. Midlene er overført til eigenkapitalen.

Kontor og magasinlokale

Spesialrom for arkivdepot er føremålslokale som er kostbare å byggje og drifte. Å gjere dette saman med andre er difor ein viktig strategi for å halde kostnader låge over tid.

Vi disponerer no 1250 kvadrat med kontorlokale og magasinlokale. I tråd med kommunane sine bestillingar, vart magasinlokala utvida ytterlegare med 1 kilometer med nye hyller i frå våren 2020. Avtalane med utleigar, Bergen kommune Byarkivet og Industriarkivet, strekker seg ut desember 2023, med opsjon på å forlengje på reforhandla vilkår.

Bergen kommune Byarkivet har no satt i gang eit 3-årig program for å sjå på endringar i bygningsmasse. Her skal ein opsjon på vidare utbygging av magasinareala avklarast. Det er framleis store areal i fjellet som ikkje er utbygd. Det vert og greia ut om Bergen kommune skal kjøpe anlegget frå 2024 av. Bergen kommune sine val påverke oss og vår verksemd sine moglegheiter til å vekse.

Basistenestene

Basistenestene er faglege tenester som alle eigarane mottak og som vert dekkja i tråd med det årlege tilskotet som kvar enkelt kommune yter til selskapet.

Som eigarar av selskapet gjer kommunane avrop på fagkompetanse og forvaltningsstøtte slik at dei kan utføre ei rasjonell, funksjonsdyktig og effektiv gjennomføring av arkivlova sine intensjonar og føresegner.

Kommunekontaktordninga

Gjennomføring av krava og intensjonane i arkivlova og forskrifta krev tett oppfølging og høg samt spesialisert kompetanse. Som ei del av basistenestene får kvar deltakarkommune sin eigen faglege rådgjevar som følgjer dei opp.

Tilsyn frå Arkivverket

Ei av oppgåvene kommunekontakten deltek på er å følgje opp kommunar som får tilsyn frå Arkivverket. I 2020 fekk Vaksdal og Eidfjord kommune tilsyn. I tillegg til å delta, vart det gjeve råd og rettleiing om korleis ein skulle rette opp pålegga frå Arkivverket.

I skrivande stund har Vaksdal og Eidfjord (2020) Austevoll, Fedje, Osterøy, Samnanger og Stord (2019) Jondal, Radøy, Sund, Voss, Fjell, Odda, Os, (2018) Lindås og Askøy (2017) fått tilsyn og er gjeve pålegg.

Rådgjeving og fagleg opplæring

Vi skreiv og publiserte 41 faglege artiklar og innlegg på heimsida og i sosiale media. Det vart og skriva og publisert to faglege artiklar i Arkivråd 2/20. I tillegg handsama vi 86 saker om fagleg rådgjeving. Det vart arrangert to webinar i krevjande innsynssaker og vi starta og eit digitalt grunnkurs i arkivfag, kalla arkivskolen light.

Vi ser og at driftsoppgåver tek ei større del av arkivpersonale si tid. Ute i kommunane melder arkivpersonale om eit behov for å auke arkivfagleg kompetanse på lovverk, internkontroll, digitale arkiv og fagsystem. Det vert og meldt at kommunane ynskjer vår deltaking i ulike faggrupper og eller arkivfaglege utviklingsprosjekt som kommunane har sett i gang.

Utvikling og innovasjon

Strategien vår inneber at vi skal utvikle tenestene våre og leite etter nye og betre måtar å gjere ting på. Vi har lagt FNs bærekraftsmål for innovasjon, infrastruktur og samarbeid for ein del av dette arbeidet. Difor har vi og valt å samarbeide med Arkivverket om ei felles publiseringsløyse for digitaliserte historiske arkiv før 1923.

Digitalisering av kulturarv

Riksrevisjonens si undersøking av digitalisering av kulturarven, Dokument 3:4 (2016-2017) slo fast at lite av kulturarva som dei kommunale arkiva representerer var digitalt tilgjengeleg.

I 2020 starta vi et eit prosjekt som vi kalla DIGIKUA¹ Arbeidet i prosjektet var finansiert av ein del av eigartilskotet. Det vart investert ein bokskanner og to skannelinjer vart etablert. Ei linje var bemanna eigne tilsette og ei vart bemanna med frivillige frå frivilligprosjektet.

Resultatet vart noko unikt i Noregs samanheng og store mengder arkiv frå kommunestyre og formannskap samt skuleprotokollar frå samlege av kommunane våre frå 1837 fram til 1920 vart digitalisert og publisert på Digitalarkivet (DA) Som ein del av prosjektet skanna vi og samarbeide med andre arkivinstusjonar i Vestland, statlege så vel som kommunale. Vi testa og ut samarbeid med private tenesteleverandørar.

Norges fyrste heildigitale kommune

Som ein del av DIGIKUA etablerte vi eit del-prosjekt der vi skanna og digitaliserte alle arkiva etter ein heil kommune. Valet falt på Finnås på Bømlo. Kostnadar med arbeidet vart dekkja gjennom eigartilskotet og resultatet stod ferdig i oktober 2020. Arbeide fekk omtale både gjennom lokalpressa og nasjonalt, blant anna i ein artikkel i kommunal rapport.

Digitalisering av kulturarva – frivilligprosjektet

Vi valde og å sjå på bruk av frivilligheit i digitaliseringa av kulturarva og fekk difor i stand avtalar med studentar ved UiB til å starte eit frivillingprosjekt. I prosjektet skulle frivillige digitalisere deler av arkivet etter overformynderiet for åra før 1920. Dei frivillige synte god innsats, var pliktoppfyllande og prosjektet var i sin heilskap ein suksess. Med hjelp frå dei frivillige fekk vi tatt enda eit steg vidare i digitaliseringa av kulturarva.

Skulekrinsane i Hordaland

Prosjektet «Skulekrinsane i Hordaland» vart satt i gang for å legge til rette for forvaltning og digital formidling av skulekrinsane i Hordaland frå perioden før 1964. I prosjektet har vi skanna og digitalisert om lag 400 skuleprotokollar frå arkiva etter eigarkommunane våre fram til og med 1920. Dei digitaliserte skuleprotokollane er tilgjengelege frå Digitalarkivet og er omtala i ein artikkel i BT frå 24. oktober 2020

Aktørprosjektet

Standardisering er nødvendig dersom ein skal lukkast med digitaliseringa av kulturarva. I 2020 samarbeida vi med Arkivverket og Norsk samfunnsvitskapleg datateneste (NSD) om standardisering av skiliding av kommunale arkivskaparar / aktørar. Arbeidet hausta god omtale i fagmiljøet. I tillegg ein digital katalog vart publisert hefter på baa målformer som skildra 20 standardiserte arkivskaparar frå perioden etter 1965. Prosjektet fekk og tilskotsmidlar frå Arkivverket. Det vart og skrive artikkel om prosjektet i fagtidsskriftet Arkheion

¹ DIGIKUA er ei forkorting av digitalisering av kulturarva


Depottenestene

Ifølge arkivforskrifta § 18, skal alle kommunar ha ei depotordning. Her skal ein oppbevare arkiv eldre enn 25-30 år. Arkiva skal vere ordna og registeret før dei kan deponerast. Om arkiva er ute ad administrativ bruk, kan dei leverast til bortsetjing. Det skal då føreligge ei avtale om ordning.

Tenesteskildringane, skildrar korleis vi løyser dei ulike krava kommunane har på seg. Vi arbeider med å utvide kapasiteten i tråd med bestillinga frå kommunane og disponerer i dag over 12 000 meter lokale som stettar krava i lova og forskrifta.

Bestand og katalog

Vi nyttar ASTA og Arkivportalen som fagsystem for å løyse kravet kommunane har i forhold til register over bestand og katalog. I dag er våre kommunar blant dei kommunane i Noreg som har registrert størst del bestanden sin i fagsystemet.



Tabell 4. Oversikt over registreringar i ASTA 2018-2020


Katalogdata frå dette registeret vert og nytta i nasjonale statistikkar og i arbeidet med å digitalisere arkiv og gjere desse søkbare for eksempel via Digitalarkivet.

Ved vår gjenbruk av data kan publikum få treff på arkiv, serie saksnivå og mappetittlar og dermed få lettare tilgang til arkiva, t.d. gjennom lesesal eller scan on demand. Internt vil våre sakshandsamarar og kunne søke i katalogen og få betre treff og dermed redusere tida på sakshandsaming av innsyn t.d. frå forvaltninga og publikum.

Deponering og depotkapasitet

Vi mottok 22 deponeringar og totalt 2166 meter arkiv frå kommunane våre i fjor. Dette er ei auke på 28% frå 2019.

Sidan vi flytta til Hansaparken i 2009, har vi utvida magasinkapasiteten heile 6 gonger gjennom reforhandling og teikning av nye avtalar med utleigar. Det at vi ikkje har betalt for overkapasitet har medført hyllekost ut, kun har stige med 3,3 % frå 2015 til 2020.



Tabell 5. Utbygging av depotkapasiteten

Vi hadde ved utgangen av 2020 ei fyllingsgrad på 95,3% mot 84,6% i 2019. Det betyr at det er svært lite plass som står ubrukt.




Tabell 6. oversyn over arkivbestand og fyllingsgrad

Innsyn

I tenesteavtalane med kommunane, er det satt eit mål om at vi skal levere innsyn i arkiva digitalt 1-3 virkedagar frå vi mottar bestillinga. Gjennom endringa av organisasjonen i frå oktober 2020, har vi no sju tilsette som kan sakshandsame innsyn i arkiva. Det betyr at vi er godt dekkja og mindre sårbare ved fråvær og ferie.

Utviklinga når det gjeld innsyn er at sakene ofte er meir omfattande enn tidlegare. Det er og slik det er eit par enkelt kommunar som står for nær halvparten av innsyna.



Tabell 7. Oversikt innsynsførespurander 2015-2020

Sidan 2015 har samla tal på innsynsførespurnadar auka med 56 %. Innsyn i personregister er det som aukar mest og siste 5 åra auka desse med heile 113 %. Ei av årsakene til dette er den mengda personregister vi forvaltar. I dag sit vi på arkiva etter 300 000 enkeltpersonar frå kommunane i tidlegare Hordaland fylke.

Digitalarkivet som innsynsløysing


I september 2019, fekk vi ei avtale med Arkiverket som gav oss høve til å formidle digitaliserte arkiv via Digitalarkivet (DA) Gjennom avtala kunne vi digitalisere kommunale arkiv, eldre en 100 år og publisere desse til alle.

Det medførte at dei kommunane som får arkivtenester via oss kunne starte arbeidet med digitaliseringa av kulturarva, slik St. meld. Nr 24 (2008-2009) hadde skildra. Ålmenn tilgang til arkiva som informasjonskjelder er eit bidrag til FNs bærekraftsmål om rettar for den enkelte innbyggjar. I løpet av 2020 starta vi difor ei rekkje digitaliseringsprosjekt som alle hadde som mål å fylla Digitalarkivet med digitale arkiv frå våre kommunar.

Ved utgangen av 2020 var vi og våre kommunar blant dei som hadde flest arkiv tilgjengelege via Digitalarkivet. Over 180 000 søk fordelt ut over alle kjeldene og 82400 søk åleine på dei mest populære.

Vår satsing på digitalisering av kulturarva vart og omtala i BT i artikkelen digital gåvepakke om skolehistorie.

[Digital gavepakke om skolehistorie \(bt.no\)](#)



Tabell 8. Trafikk frå våre eigarkommunar sine kjelder på Digitalarkivet.

Vi måler trafikk for å sjå kva kjelder som er mykje etterspurt blant publikum. Sleppe av skulearkiv og karakterprotokollar frå 1837-1920 i oktober svært populært og over 82 400 som gjorde innsyn i desse kjeldene.


Digitalt sikringsmagasin (DSM)

I 2019 vart vi medlem i Kommunearkivinstitusjonane sitt digitale ressurscenter KDRS SA. Gjennom ei slik løysing får kommunane tilgang til eit DSM som er i tråd med gjeldande forskrift på området. Det inneber lagring av elektroniske arkiv på tre uavhengige stadar: Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana, Riksarkivet i Oslo og på Dora i Trondheim. Det vil og gje tilgang til ei produksjonsløype for uttrekk noko som aukar kvaliteten på tenesta vesentleg.

Vi hadde sett oss som mål at ny finansieringsløysing for DSM og ei ny eDepotavtale skulle vere klar i løpet av 2019. Dette klarte vi ikkje. Nye avtalar var ikkje vere på plass før sommaren 2020.

Alle eigarkommunane er pålagt å deponere uttrekk av alle avslutta arkiv i NOARK og fagsystem til DSM. Arkivforskrifta frå januar 2018 plasserer ansvaret for å produsere og avlevere uttrekket hjå Rådmannen i kvar kommune. Vi ser at sjølv om vi no har ei teknisk løysing for DSM er det i det faktiske arbeidet med å få gjort uttrekka det skortar. Vi ser at uklare ansvarsforhold og forpliktingar samt manglande kunnskap har vore eit stort hinder for å få produsert uttrekk.

Vi vil difor i framtida tilby uttrekk som ei teneste og tilbyr difor dei kommunane som har behov for ekstra tenester i høve uttrekk av fagsystem og Noark å teikne oppdragsavtale for dette og såleis få bukt med etterslepet. Arkivlova set og vilkår om at dersom det finnes elektroniske arkiv og / eller register i tilknytning til papirarkiv skal desse deponerast samtidig.



Tabell 9. Oversikt over ikkje deponerte system i eigarkommunane pr. funksjonsområde 1980-2015

Innsynsløysing for digitalt skapte arkiv

I gjeldande lov og forskrift skal dei digitalt skapte arkiva fyrst deponerast når dei er 25-30 år gamle, om ikkje anna er bestemt. I mange av våre eigarkommunar går dei digitalt skapte arkiva ut av administrativ bruk og får status som avslutta eller historiske før dette.

Dei fleste av kommunane har difor laga eller kjøpt eigne innsynsløysingar. Det har fram til no, vore låg etterspurnad etter slike tenester frå oss. No er dette i endring og vi ser no på ulike alternativ for å kunne tilby digitalt innsyn.

Arbeidet med å tilby slike tenester er frå og med neste år tenkt innarbeida i tenesteavtalane for digitalt sikringsmagasin DSM.


Oppdragstenestene

Sidan 2016, har Arkivverket gjeve våre kommunar over 40 pålegg om utbetring av kontroll, oversikt, sikring og ordning av eldre og avslutta materiale. For å hjelpe kommunane med å få løyst desse oppgåvene i tråd med dei pålegg og fristar som er gjeve av, tilbyr vi ordning som ei oppdragsteneste.

Arkivverket satt krav om at kommunane må lage ein framdrift og ein finansieringsplan for ordningsarbeidet sitt. Arbeidet skal gjerast på kortast mogleg tid og innan 3-5 år.

I 2020 brukte vi over 1000 timar til feltarbeid ute kommunane med grovsortering, pakking og transport av arkiv og vi nytta nær 8,9 årsverk til sjølve ordningsarbeidet.

Vi ordna og registrerte 2206 meter arkiv i 2020 mot 1722 meter i 2019.



Tabell 10. Oversikt over ordna arkiver netto 2015-2020

Ordning reduserer behovet for nye magasin

Ansvarleg forbruk og produksjon å betre nytting av ressursane, er eit av FN sine bærekraftsmål og noko kommunane våre har forplikta seg til. Gjennom å ordne arkiva gjer vi dei ikkje berre meir tilgjengeleg, vi reduserer og mengda arkiv vi treng lokale til i framtida.

Vår erfaring er at for kvar meter vi ordnar går 15-20 cm bort i arkivavgrensing, kassasjon og komprimering. Dei siste 5 åras ordningsarbeide, har redusert mengda som skal lagrast med i underkant av 1 kilometer. I eit livslausperspektiv betyr dette innsparingar både i kroner og i miljø sidan det ikkje då er nødvending med store utbyggingar.